

# Rasering av eit barnevern

*Metoderapport*



## Sogn Avis

Journalist: Jan Inge Fardal, 91310274

Fotograf: Håvard Nesbø , 90247594

Redaksjon: Sogn Avis, Leikanger, [www.sognavis.no](http://www.sognavis.no)

Redaktør: Jan Inge Fardal, 91310274

Epost: [jani@sognavis.no](mailto:jani@sognavis.no) [redaksjon@sognavis.no](mailto:redaksjon@sognavis.no)

# Krisa i Sogn barnevern

Jan Inge Fardal, redaktør har stått for den granskande journalistikken der tilhøva i Sogn barnevern er avdekka. Håvard Nesbø er fotograf. Sogn Avis si dekning har dessutan resultert i ei rekke saker frå ulike møte, både i kommunestyre og formannskap i fire kommunar, både Leikanger, Luster, Sogndal og Balestrand. Her har fleire journalistar vore inne i



**Sogn Avis 20/2 - 2014**

saka, utan av det er tatt med i denne metoderapporten.

## **Innleiing**

Sogn Avis har ved fleire høve, heilt sidan 2013 - 2014 hatt oppslag om arbeidsmiljøproblem i Sogn barnevern. Berre i løpet av siste halvår 2015 og 2016 slutta 16 barnevernsfagleg tilsette i denne organisasjonen. Det er svært spesielt i ein organisasjon som berre har 15 faglege stillingar.

### **Kvifor og korleis kunne dette skje ? var spørsmåla me stilte oss våren 2016.**

Desse spørsmåla har ført til meir enn 100 oppslag i Sogn Avis, 14-15 leiarartiklar, ei ekstern gransking av arbeidsmiljøet i Sogn barnevern, som kosta Sogndal kommune meir enn 1,2 mill. kroner, ei PFU-klage mot Sogn Avis som kommunen betalte advokat Jon Wessel-Aas 106.000 for å skrive og ein rapport etter granskinga som kommunen - dvs. ordførar og rådmann - har freista å halda hemmeleg for alle andre enn seg sjølve og kontrollutvalet. Etter klager har fleire fått delvis innsyn, men berre dei to, kontrollutvalet og rådmannens utvalde leiarar, har fått lesa heile den 250 sider tjukke rapporten.

Seinast torsdag 11. januar 2018 handsama Sogndal kommunestyre denne rapporten. Der kom det også eit mistillitsforslag mot rådmannen. Det fall med 12 mot 13 røyster.

Siste ord er framleis ikkje sagt i ei sak som handlar om, mobbing, trakassering og der fleire varslings saker framleis ikkje er avslutta.

## **Bakgrunn**

Sogn barnevern vart etablert i 2008 då kommunane Sogndal, Leikanger og Luster gjekk saman og samla sine barnevernsressurar under eitt tak og ei leiing.

Sogndal kommune fekk vertsansvaret for den interkommunale eininga og rådmannen i denne kommunen, den største av dei tre - vart den øvste ansvarlege for tenesta. Litt seinare kom ein fjerde kommune, Balestrand inn i Sogn barnevern.

Dei tilsette i dei tidlegare kommunale barnevernskontora vart samla i Sogndal.

Sogn Avis omtalte fleire tilsynsrapportar med urovekkande funn og me rapporterte både i 2013, 2014 og 2015 om stort sjukefråvær og dårleg arbeidsmiljø i det lokale barnevernet.

Øvste ansvarlege, rådmann Jostein Aanestad svara kvar gong at dette tok vertskommunen på største alvor og at det ville bli retta opp. Me fekk klare tilbakemeldingar om at alt var på rett veg, også frå politisk leiing i vertskommunen Sogndal.

## **Skyhøgt sjukefråvær**

Våren 2016 tok saka ei dramatisk vending.

Det skjedde i mai og juni - etter at Sogn Avis hadde slått opp ei sak om nok ein rapport om eit elendig arbeidsmiljø og skyhøgt sjukefråvær i barnevernet. Etter dette tok redaktør Jan Inge Fardal kontakt med

hovudvernombodet i Sogndal kommune, Frank Nymark for å freista å forstå kva som skjedde og kvifor.

Under denne telefonsamtale byrja me å forstå at problema stakk djupare enn som så. Nymark sa at han ynskte eit møte med redaktør under fire auge.

Me møttest på Nymarks arbeidsplass i Kaupanger. Dette vart starten på ein lang serie artiklar og ei sak som framleis ikkje - ved årsskiftet 2017-2018 - har fått noko endeleg avslutning.

Den 11.1 2018 handsama Sogndal kommunestyre kontrollutvalets innstilling til handteringa av den nemnde rapporten som kommunestyret den 16. februar 2017, på bakgrunn av Sogn Avis sine avsløringar, engasjerte Arbeidsmiljøspesialistene til å gjennomføra. Denne granskinga har kommunen brukt vel 1,2 mill kr på. Undervegs har kommunen også spandert 106.000 kr på advokat Jon Wessel - Aas, for å klaga Sogn Avis inn for PFU.

Me kjem attende til dette.

## **Bakgrunnen**

Attende til mai 2016. Innhaldet i møtet med hovudvernombodet om sjukefråværet i Sogn banevern var av karakteren svært vanskeleg å tru. Det Nymark fortalde stemmer ikkje på nokon måte med korleis du trur at eit lokaldemokrati skal fungere og ikkje minst - kva status du trur at tillitsvalde og eit hovudverneombod har i ein moderne, folkestyrd kommune.

Men Nymark la fram bunkar med dokumentasjon på korleis han den siste tida hadde vorte «rævkøyrd» av

den kommunale toppleiinga. Eine og åleine fordi han, som hovudverneombod - hadde engasjert seg i den mykje omtalte arbeidsmiljøkonflikten i Sogn barnevern. Det lokale verneombodet i barnevernet kom ingen veg. Kommuneleiinga, både ved rådmann Aanestad og kommunalsjef Marit Hagevik freista ved fleire høve og på ulike måtar å knebla Nymark. Både møtereferat, egne notatar, e-postar og brev dokumenterte dette. Hovudvernombodet var usikker på om han skulle står fram med sine opplevingar og me gjorde ein avtale om at me skulle skrive utkast til ei sak som me kunne gå gjennom nokre dagar seinare. Me tok bilete undervegs i intervjuet, med klar avtale om at dei ikkje skulle publiserast noko som helst før me var samde om innhald og presentasjon.

Me møttest så att på «nøytral grunn» i Sogndal kulturhus. Etter at me hadde gått gjennom artikkelen grundig, var det «go». Me var samde om at dette måtte koma ut. Innbyggjarane i Sogndal og dei mange hundre tilsette i kommunen måtte få kjennskap til korleis kommunetoppene hadde og framleis handsama hovudverneombodet og korleis dei tilsette i Sogn barnevernet hadde det på jobb.

## **Motparten**

Me kontakta sjølv sagt kommunen frå første stund, både rådmann Aanestad og kommunalsjef Marit Hagevik, som mellom anna hadde ført eit referat frå eit møte med hovudverneombod Nymark i pennen. I dette referatet var det fleire punkt som me hadde stor trong for å få utdjupa.

Hagevik tok telefonen, men var openbart ikkje interessert i å svara på noko som helst.

– Du nå snakka med rådmannen, svara ho på alle spørsmål. Den spesielle samtalen er gjengitt i eiga sak. Rådmann kom med utfyllande svar og sterk kritikk mot Sogn Avis i neste papirutgåve.

Den første kontakten med kommunen i denne nye runden om barnevernet gav oss forsterka grunn til å tru at noko var fundamentalt gale i tilhøvet mellom kommuneleiinga, dei tilsette i barnevernet og hovudverneombodet, som var valt av alle dei tilsette for å ivareta deira interesser.

Spørsmålet me måtte stilla oss var korleis dei tilsette i denne organisasjonen kunne utføra sin vanskelege og utfordrande jobb under slike vilkår ?

## **Anonyme kjelder**

Kort tid etter at saka med Nymark og kommunens svar hadde stått på trykk, vart redaktør Fardal kontakta på telefon av ei kvinne som lurte på om me ville vita meir om korleis det verkeleg var å jobba i Sogn barnevern. Kva som hadde gått og gjekk føre seg i denne organisasjonen.

Vedkomande - som var og framleis er - ei anonym kjelde, ville møta redaktør. Ho hadde dokumentasjon på mykje, sa ho. Via denne kjelda kom me etterkvart også i kontakt med fleire tilsette, også tidlegare tilsette og tillitsvalde i organisasjonen. Etterkvart også fylkessekretær i Fellesorganisasjonen, Jan Egil Haugland.

Utover i juni og juli fekk me mange dokument i form av e-postar, avtalar og møterferat, mellom anna frå eit

sokalla oppklaringsmøte mellom kommunen og dei tillitsvalde i juni. Eit møte partane i ettertid hadde heilt ulike versjonar av.

## **Heimebesøk**

Ein laurdag føremiddag i juni kom tre noverande og tidlegare tillitsvalde i Sogn barnevern heim til redaktør. Me sat i fleire timar, der dei fortalde om sine eigne og dei rundt 30 fagorganiserte sine opplevingar som tilsette i Sogn barnevern. Dette var ille !

I alt har over 30 fagorganiserte, velutdanna kvinner med lang erfaring forsvunne ut av Sogn barnevern i løpet av dei siste tre-fire åra. Det er svært spesielt i ein organisasjon som har 15 -femten- årsverk i den kategorien dette gjeld - nemleg fagutdanna barnevernsarbeidarar, dei fleste med master. Fleire av dei har dessutan varsla om kritikkverdige forhold, fleire har slutta etter påstått trakassering , trugsmål og mobbing. Fleire orka rett og slett ikkje meir.

## **Frykt**

Sogn Avis møtte utover hausten 2016 16 av desse barnevernsarbeidarane - alle kvinner - som alle som ei slutta i denne barnevernstenesta i løpet halvanna år. Under desse møta kom det tydeleg fram kor redde dei tilsette - også tidlegare tilsette - var for at identiteten deira skulle bli kjend. Det kom også fram at det var fleire varslings saker i systemet. Saker som i skrivande stund framleis ikkje er ferdig handsama.

Vår hovudkjelde byrja så å gje oss (redaktør) skriftleg dokumentasjon. Me kunne ikkje få alt på ein gong, sa



vedkomande. Me måtte lova å lesa alt gjennom første porsjon før me fekk andre osb. I løpet av to-tre månader fekk redaktør tre tjukke mapper om det indre liv i Sogn barnevern - før sommarferien 2016.

I august 2016 slo Sogn Avis opp nok ei sak etter eit tilsyn i Sogn barnevern. Me fortalde at Fylkesmannen hadde gjort nye, urovekkjande funn om sjukefråvær og konflikhtar som resulterte i eit nytt og utvida tilsyn i Sogn barnevern.

Samstundes kom det fleire og fleire dokument til redaktør frå ulike tilsette i organisasjonen. I alt har fleire enn 20 tilsette vore i direkte kontakt med oss.

## **Fellesmøte**

Utover hausten 2016 hadde redaktør, som sagt fleire møte med FOs tillitsvalde og gjennomførte to større fellesmøter med tidlegare Sb-tilsette i Sogn Avis sine lokale. Det var heile vegen viktig for kjeldene å ikkje bli sette saman med Sogn Avis i Sogndal.

Redaktør ba samtlege skriva ned heilt personlege notat om sine opplevingar. 18 gjorde det. Under det siste møtet gjekk me gjennom historiene deira slik redaktør hadde ført dei i pennen - basert både på samtalar og notat. Det siste møtet var i midten av oktober 16 og nokre veker seinare hadde alle godkjent vår framstilling av sin historie. Men det var også kjelder som trekte seg. Påkjenninga vart for stor.

Me publiserte ein større dokumentar, på grunnlag av desse møta, først den 21. januar 2017.

Denne dokumentaren var utan tvil den viktigaste årsaka til at Sogndal kommunestyre i februar 2017 vedtok at det

måtte gjennomførast ei ekstern gransking. Men det skjedde meir i vekene mellom.

## **Hemmelege rapportar og avtalar**

I vekene før og etter årsskiftet 2016-2017 var det to hemmelegstempla dokument som var i fokus for oss. Redaktør fekk via ei kjelde tilgang til tre avtalar, som Sogndal kommune hadde gjort med tre tilsette i Sogn barnevern. Desse tre hadde fått utbetalt 50.000 kroner kvar i erstatning for mobbing. Dei hadde dessutan også fått personleg oppfølging frå privat helsevesen for å bearbeida sine opplevingar.

Rådmann Aanestad har i ettertid ved fleire høve tilbakevist at dette handlar om erstatning for mobbing. Dette var erstatning utbetalt for at kommunen skulle unngå ei rettssak, hevda rådmannen.

Sogn Avis publiserte til slutt, og etter grundig vurdering og mest på grunn av rådmannens framstilling, ein sladda versjon av desse avtalane. Det er liten tvil om at desse avtalane må tolkast som erstatning for det dei tre opplevde som mobbing. Me snakka også med ei av dei tre som hadde fått erstatning. Ho snakka med oss på vegner av dei andre.

## **Sensitiv rapport**

Eitt anna like viktig og for kommunen - svært sensitivt - dokument var ein rapport utarbeidd av ekstern konsulent Inger H. Nordeide etter ein grundig gjennomgang av tilhøva i Sogn barnevern i 2015. Denne rapporten var unntatt offentlegheit og rådmannen gjorde alt som stod i si makt for å nekta oss innsyn. Men

ikkje berre det, heller ikkje dei folkevalde i formannskapet fekk innsyn i, eller fullt kjennskap til den avtalen som rådmannen hadde inngått med desse tre. Så ein dag låg heile denne rapporten i redaktørens postkasse. Me veit enno ikkje kven som plasserte rapporten der - men den gav oss svært interessant innsyn i kva som var årsaka til problema. Det viste seg at mykje av konfliktane rett og slett skuldast stor fagleg usemje mellom dei fagleg tilsette og leiinga og det faste administrative personellet.

Lenge nekta rådmannen å tru at me hadde tilgang til denne rapporten, som på ein nøktern måte peikar på kva som hadde gått gale og kva kommunen hadde mangla i handteringa at dei omfattande problema.

## **Var på rett veg**

Det var eit heilt vesentleg poeng i denne rapporten at det meste var på rett veg i Sogn barnevern i 2015. Men i staden for å ta omsyn til det som kom fram i rapporten, sette kommuneleiinga tidleg i 2016 inn eit køyr mot dei tilsette som resulterte i at samtlege fagleg tilsette forsvann ut av tenesta i løpet av få månader.

Først etter at Sogn Avis la heile denne rapporten ved svaret på ei PFU-klage frå Sogndal kommune, fekk samtlege medlemmer i formannskapet innsyn i denne rapporten. Dei burde ha lese denne rapporten mykje tidlegare.

Det er ingen tvil om at kjeldene våre i barnevernet hadde grunn til å frykta represalier og andre konsekvensar dersom dei stod fram. Som det vart sagt frå fleire, – me skal jo prøve å leva og arbeida i desse kommunane også

etter tida i Sogn barnevern me har slutta i Sogn barnevern. Fleire av dei har opplevd problem. Det var heilt uaktuelt for samtlege å stå fram med sine historier. Med andre ord, skulle me kunne publisere deira historier, som kjem fram i den nemnde dokumentaren, måtte dei få vera anonyme. Dei måtte alle handsamast som varslarar, noko fleire av dei faktisk også var - og framleis er - i ordets rette betydning.

## **Gjennomsiktige lokalsamfunn**

Det er sjølvsagt utfordrande å arbeida fram ei slik sak i såpass små og oversiktlege kommunar som Sogndal, Leikanger, Luster og Balestrand og særleg om eit tema som er så ømtoleleg som barnevernet. Samstundes var det nettopp altfor små barnevernkontor, for tette kontaktar og band i lokalsamfunna, som var bakgrunnen for at Sogn barnevern vart oppretta. Som Sogn Avis slo fast på leiarplass i 2008, er me framleis sikre på at det var korrekt å oppretta eit interkommunalt barnevern.

Det tragiske i dette tilfellet er at dei ansvarlege - både politisk og administrativt, og då særleg i vertskommunen Sogndal, har svikta. Dei har ikkje tatt problema ved rota, men berre flytta rundt på dei.

Det er uansett nokså spesielt - for ikkje å seia oppsiktsvekkjande - at i dette tilfellet har ei lang rekke velutdanna kvinner, mange med master og med lang erfaring på baken, slutta i ei teneste dei både ville og vil jobba i - på grunn av heilt uhaldbare arbeidsforhold.

Me skal ikkje leggja skjul på at det undervegs i denne prosessen, ved fleire høve har vore ei stor utfordring for lokalavisa å halda denne saka varm.

## **Ein suksess**

Det er nemleg eit faktum at Sogndal kommune er ein suksess. Økonomien er bra, folketalet veks, næringslivet går så det susar og reiselivet går til himmels både sommar og vinter. Mange har stor glede av kommunal handlekraft- særleg administrativt. Rådmannen er ein nøkkelfigur i mange samanhengar. Han er kjend for stor gjennomføringskraft.

Redaktør har det siste 12 månadane, ved fleire høve fått oppmoding om å slappa litt av - og droppa det kritiske søkelyset på Sogn barnevern.

«Alt går jo så bra - kan dette vera nødvendig ? Er det ikkje nok no», har me høyrte. Samstundes har det vore svært mange positive tilbakemeldingar frå «folk flest», også frå folkevalde både frå opposisjonen i Sogndal og frå dei tre andre kommunestyra om kor viktig denne jobben me har gjort, er.

## **Mistillit**

Det kan likevel ikkje stikkast under stol at det politiske fleirtalet i Sogndal kommunestyre har vore meir kritisk til Sogn Avis enn til måten barnevernet blir administrert på. Litt spesielt i ein kommune styrt av Ap og Sp.

Men ved eit par høve - både frå Frp og frå H - (spesielt sidan dei meir enn 30 som har slutta alle var fagorganiserte) er det, på ulikt vis reist mistillit mot rådmannen.

Undervegs har det såleis vore viktig for lokalavisa at det i dei andre kommunestyra, både i Luster, Balestrand og Leikanger er stilt kritiske og gode spørsmål til måten Sogn barnevern er blitt leia på. Det har vore fleire forslag frå dei andre kommunane om å trekka seg frå det interkommunale samarbeidet.

## **Dokumentaren**

Den 21. januar 2017 publiserte Sogn Avis den nemnde dokumentaren over åtte sider der dei tilsette - dei fleste tidlegare tilsette - anonymt fortalde sine historier frå tida i Sogn barnevern.

Det gjorde sterkt inntrykk å lesa desse historiene. Mange folkevalde fekk bakoversveis. Det er sterkt å lesa ei kvinne seie at det var ein lettelse å få kreftdiagnosen slik at ho vart sjukmeld og kunne vera vekke frå arbeidsplassen.

Me innleia denne dokumentaren med ein kommentar som fortalde om bakgrunnen. Heile dokumentaren vart sendt til alle dei involverte i den kommunale organisasjonen for gjennomlesing. Rådmann Aanestad svara på vegner av alle.

Det er liten tvil om at denne dokumentaren spelte ei avgjerande rolle då kommunestyret nokre veker seinare bestemte seg for at det var ei naudsynleg med ei ekstern gransking.

## **Granskinga**

Den 16. februar 2017 gjorde Sogndal kommunestyre følgjande vedtak med 21 røyster (8 Ap, 6 Sp, 4 H, 2 FrP, KrF):

1. Felles forståing av tidlegare arbeidsmiljøproblem i Sogn barnevern  
Kommunestyret ber Kontrollutvalet sørge for ein ekstern gjennomgang av dei arbeidsmiljøproblema som har vore i Sogn barnevern frå etableringa.  
Kommunestyret ynskjer så langt som mogeleg få kartlagd grunnen til desse problema, kvifor det har teke så lang tid å løysa dei og om dei er løyst innanfor rammene i arbeidsmiljølova. Gjennomgangen skal m.a. omfatte leiing, tilsette og vernetenesta på alle nivå. Kontrollutvalet leverer rapporten i god tid før formannskapsmøte 20. mai.
2. Kommunestyret delegerer mynde til val av leverandør til ordførar, varaordførar og Karin Vikane.

I april 2017 starta Arbeidsmiljøspesialistene granskinga, ei gransking som varte mykje lenger og vart mykje meir omfattande enn nokon trudde. 54 personar vart gjennomintervjua. Først i oktober var rapporten klar etter at kommunen hadde brukt over 1,2 mill kroner på denne granskinga.

Kritikken mot kommunen var sterk. Så sterk at rådmann og ordførar i fellesskap lenge klarte å halda hemmeleg for nesten alle andre. Unntaket den første tida var for nokre kommunalsjefar. Etterkvart fekk kontrollutvalet sine medlemmer høve til å koma på heradshuset for å lesa rapporten.

Kommunen, ved rådmann og ordførar, med støtte frå KS klarte lenge å halde rapporten unna innsyn, men 22.12.17 fekk media og ein del andre innsyn i rundt 50 sider av den 250 sider store rapporten.

## **Mistillit**

Sogndal kommunestyre handsama saka om den hemmelege rapporten torsdag 11.1. 2018.

Her vart det reist mistillit mot rådmannen.

Utdrag møtebok her :

Arne Glenn Flåten (H) la på vegne av H, FrP, V og KrF følgjande alternativt framlegg til punkt 7 i framlegget frå Eline Orheim (Ap):

Mistillitsframlegg mot rådmann i Sogndal

Underteikna politikarar fremmar på grunnlag av framlagd dokumentasjon i kommunestyret 11.01.2018:sak 2/18 Handsaming av rapport frå Arbeidsmiljøspesialistene AS vedkomande arbeidsmiljø i Sogn barnevernder det kjem fram: brot på lov og føreskrift, spesielt brot på arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta, kommunen sine rutinar og retningslinjer og brot på arbeidsavtale/stillingsinstruks.

I tillegg har rådmann utelate eller gitt feilaktiv informasjon til folkevalde organ i Sogndal kommune. Mistillit mot rådmann.

Framlegga punkt 7 vert sett opp mot kvarandre:

Framlegget frå Arne Glenn Flåten (H) fekk 12 røyster (2 FrP, 4 H, 2 V, 1 KrF, 3 Sp (BS, MBS, SJS)).

Framlegget frå Eline Orheim fekk 13 røyster (8 Ap, 2 Sv, 3 Sp (LK, IS, HB)).

Vedtak, samrøystes:

1. Mange tilsette i Sogn barnvern over for lang tid har opplevd eit arbeidsmiljø som har medført uheldige psykiske belastningar og såleis eit arbeidsmiljø som er i strid med arbeidsmiljølova i ein tidsperiode som strekker seg frå 2011 til og med 2016. Kommunestyret vil rette ei orsaking til alle involverte tilsette, når det no i ettertid viser seg at iverksette tiltak i ein lenger periode ikkje bidrog til å løyse arbeidsmiljøkonfliktane i barnevernstenesta.

2. Kommunestyret viser til den grundige handsaminga Kontrollutvalet har hatt av saka og til det sakstilfanget Kontrollutvalet har lagd fram for kommunestyret. Kommunestyret er samd i Kontrollutvalet sin vurdering av at rapporten frå Arbeidsmiljøspesialistene AS ikkje fullstendig har svart på spørsmåla som kommunestyret stilte i k-sak 10/17. Kommunestyret set pris på at Kontrollutvalet har summert opp rapporten og sine vurderingar i høve spørsmåla frå kommunestyret.

3. Kommunestyret meiner det svært viktig å etablere arbeidsmiljøproblema som over tid har vore i Sogn barnevern ved m.a. å få på plass gode rutinar og retningslinjer for konflikthandtering i kommunen. Desse rutinane må gjerast godt kjent i organisasjonen. Dersom det oppstår nye problem knytt til arbeidsmiljøet i kommunen er det viktig at alle involverte har kjennskap til kva retningslinjer og prosedyrar som skal fylgjast. I framtida må ein ta tak i problem som oppstår på eit tidleg tidspunkt, gjennomføre grundig undersøking av faktum i saka slik at ein har ei forsvarleg sakshandsaming, trekke konklusjonar og avslutte sakene. Kommunestyret er kjent med at Arbeidsmiljøutvalet har gjort vedtak om å få

utarbeidd slike rutinar og system for konflikthandtering, og ber om at dette arbeidet vert prioritert og om mogleg vert avslutta innan 01. juni 2018.

4. Kommunestyret meiner at den omtalte varslings-saka der Arbeidsmiljøspesialistene AS meiner at det har vore brot på aml. § 4-3 (3) må handsamast på nytt frå varslings-sekretariatet og rådmannen si side, etter revidering av varslingsrutina jf. punkt 6.

5. Kommunestyret meiner at sidan Arbeidsmiljøspesialistene AS er «i tvil» om konklusjonen i dei to andre varslings sakene og skal desse vurderast på nytt, etter revidering av varslingsrutina jf. punkt 6.

6. Administrasjonsutvalet må revidere varslingsrutina slik at det er administrasjonsutvalet som skal oppnemne eit eksternt uhilda varslingssekretariat i samsvar med KS sin varslingsrettelær. Det skal ikkje vere med personar tilsett i kommunen, korkje som medlemmer eller sekretær. Eit varslingssekretariat bør og vere balansert med medlemmer med bakgrunn både frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.

Vedteken med 13 røyster (8 Ap, 2 Sv, 3 Sp (LK, IS, HB)):

7. Kommunestyret vil at det vert oppnemnt setjerådmann for oppfølging av punkt 3, siste setning, og punkt 4, 5 og 6 og ved ev. nye varslings saker knyta til tidlegare konflikt i Sogn barnevern.

Samrøystes:

8. Kommunestyret viser til at det i rapporten vert vist til manglande skriftleggjering/manglande referat frå møter og samtalar, noko som er eit brot på internkontrollforskrifta. Kommunestyret vil påpeike at det er viktig at ein får på plass rutinar for å sikre naudsynt dokumentasjon i samsvar med internkontrollforskrifta.

9. Kommunestyret er glad for at arbeidsmiljøet i Sogn barnvern i dag er godt, jf. rapporten frå Arbeidsmiljøspesialistene AS og tilsynsrapport frå Arbeidstilsynet (27.11.2017). Kommunestyret legg vekt på at dette også vert sikra for framtida, slik at Sogn barnvern kan yte gode tenester til born og unge og deira familiar.

Møtet slutt: 14.00.

Magne B. Selseng  
Jarle Aarvoll -ordførar-

Margrete Haug



## Omfang og plattform

Sogn Avis har hatt ei massiv dekning av denne saka i både 2016 og 2017. Me har hatt over 100 oppslag og det er skrive 14-15 leiarartiklar. Den førebels siste stod på trykk den 13.1. 2018. Dette er mykje i ei lokalavis som kjem fem dagar i veka.

Me har av ulike årsaker valt papiurformatet som format for denne saka. Rett og slett fordi dette er ei sak som passar i dette formatet og som me for ein stor grad har vore åleine om.

Det vil seia - det er sakene basert på kjeldene og dei hemmelegstempla dokumenta me har publisert på papir. Vår dekning har resultert i at Sogn barnevern har vore tema på mange politiske møter. Desse har me følgt tett både på nett og papir.

Men uansett - det er nok siste gongen me - nesten - reindyrkar ei slik sak for papir (og e- avis sjølvst).

## PFU-klagen

I siste PFU-møte før jul handsama PFU Sogndal kommune sin klage mot Sogn Avis for dekninga av denne saka.

<http://presse.no/wp-content/uploads/2017/12/17-147-Sogn-Avis-uten-uttalelse.pdf>

I ein svært grundig klage, ført i pennen av advokat Jon Wessel-Aas klaga Sogndal kommune inn lokalavis på tre punkt. SA vart felt på ein kommentar, der me påstod at avvika i Sogn barnevern var skyhøge i ein nasjonal samanheng.

Sidan det aldri er gjort noko tilsvarende undersøking andre stadar, hadde me ikkje dekning for den påstanden, noko me orsaka og hadde orsaka om kommunen hadde gjort oss merksame på det. I staden venta kommunen eit halvt år med å peika på dette - då me mottok PFU-klagen. På dei to andre punkta vart me ikkje felt - snarare tvert om. Me tykkjer kommentaren frå generalsekretær i NR, Arne Jensen (Vedlegg 49) gir eit godt bilete av den saka.

## **Utfordringar**

I ein redaksjon med 16 tilsette er det sjølv sagt utfordrande å gå laus på eit løp som dette. Det ligg ekstra store utfordringar i at redaktør til dei grader er involvert i den journalistiske prosessen. Men etterkvart vart det klart at det måtte bli slik - eller ingenting. Då ville ingen av dei ansvarlege i desse fire kommunane fått kjennskap til kva alle desse kvinnene - som har utdanna seg for å gjera ein av dei vanskelegaste jobbane du kan ha - har gått gjennom. Og, det er framleis mykje som ikkje har kome fram.

## **Kva no?**

No er alt bra i Sogn barnevern, fortel vertskommunen og det blir dokumentert i eit ferskt tilsyn frå Arbeidstilsynet. Det er eit godt arbeidsmiljø, og ingen ting er betre.

Samstundes sa den same rådmannen dette til Sogn Avis under oppslaget «Arbeidsmiljø på helsa laus» i Sogn

barnevern onsdag 20. februar i 2014 : «Me har ei klar målsetjing om at alle skal trivast på jobb»...

Me er framleis på saka

Leikanger 12.1. 2018

Jan Inge Fardal

Liste vedlegg

NB Dokumentaren er for seg sjølv i botn. Vedlegg nr 51-58.

1. Laurdag 14/5 2016 - Framleis dramatisk høgt sjukefråvær
2. Laurdag 4/6 2016 - Kjenner seg pressa ut - Førstesideoppslag
3. Laurdag 4/6 2016 - Hovudverneombod pressa ut -to sider repo
4. Tysdag 7/6 2016 - Rådmann ut mot Sogn Avis
5. Onsdag 8/6 2016 - Leiar - Noko er gale i Sogndal
6. Tysdag 14/6 2016 - Ber rådmannen vera open og ærleg
7. Onsdag 15/6 2016 - Leiar - Barnevernet kan sprikka
8. Onsdag 15/6 2016 - Urovekkjande av Sogndal kommune
9. Tysdag 23./6 2016 - Tilsette kjenner seg ikkje att
10. Torsdag 30/6 2016 - To ferske varslingsaker
11. Onsdag 6/7 2016 - Ikkje god nok plan for Sogn barnevern
12. Laurdag 23/7 2016 - Leiar : Det hastar for barnevernet
13. Laurdag 27/8 2016 - Opnar nok eit tilsyn
14. Torsdag 8/9 2016 - Same gamle lekse om barnevernet
15. Laurdag 1/10 2016 - Betalte erstatning for mobbing (Oppslag)

16. Laurdag 1/10 -2016 -Sak om erstatning
17. Tysdag 4/10- 2016 -Oppteken av gode tenester
18. Onsdag 5/10 -2016 -Leiar -arbeidsro for kven?
19. Onsdag 19/10- 2016 - Leiar : Når dei folkevalde vaknar
20. Laurdag 19/10 -2016: Nye og alvorlege skuldingar
21. Tysdag 6/12 -2016 : Kvifor gjekk det gale i barnevernet ? Oppslag
22. Tysdag 6/12 -2016 : Reportasje om rapport
23. Torsdag 8/12- 2016: LEIAR: Nok ein runde om barnevern
24. Torsdag 8/12 -2016 : Fylkesmannen avdekte alvorlege brot
25. Måndag 12/12- 2016: LEIAR : Endeleg nokre spørsmål
26. Torsdag 15/12 -2016 : Har fått mange åtvaringar
27. Laurdag 17/12-2016 : Kommentar Tåkeprat for tunghøyrd
28. Onsdag 28/12-2016 : Kommentar skyhøge avvik
29. Laurdag 7/1-2017 : Leiarskapen bør granskast
29. Laurdag 7/1-2017 : Meir enn tynnsliten tillit til rådmann
31. Måndag 9/1-2017 : LEIAR: Må ha ekstern gransking
32. Tysdag 10/1-2017 : Ugildskap i revisjon
33. Torsdag 12/1-2017 : Her er Aanestads avtale om mobbing
34. Måndag 16/1-2017 : LEIAR: Eit spørsmål om tillit
35. Laurdag 21/1-2017 : DOKUMENTAR om tilhøva i Sogn barnevern (10 sider)
36. Onsdag 1/3-2017 : Sparkar i gang granskingsprosess
37. Laurdag 18/3-2017 : Politisk oppvask...
38. Måndag 20/3-2017 : LEIAR : Ein underleg reaksjon
39. Onsdag 5/4-2017 : Fleire fristbrot
40. Torsdag 22/6-2017 : Omfattande runde om Sb

41. Onsdag 12/7-2017 ; Framleis mange spørsmål
42. Laurdag 21/10-2017 : Oppslag om presentasjon av rapportem
- 43 1. Laurdag 21/10-2017 : Reportasje om rapporten
44. Laurdag 28/10-2017 : Krev full openheit
45. Laurdag 4/11-2017 : LEIAR : Det går på tilliten laus
46. Laurdag 11/11-2017 : Fagorganiserte i sjokk
47. Laurdag 25/11-2017 : Oppslag : Vil ha fram sanninga
48. Laurdag 25/11-2017 : Ho fortalde alt til granskarane
- 49: Laurdag 23/12-2017 : Kronikk Arne Jensen
- 50: Laurdag 30/12-2017 : Svært alvorleg systemsvikt